

Saksbehandlar: Lena Merete Søderholm, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/3187-2

Intensjonsavtale - Undervisningskonsesjon

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig at fylket får ein undervisningskonsesjon. Undervisningskonsesjonen skal knytast opp mot dei marine utdanningsvegane ved Måløy vidaregåande skule.
- 2 Fylkeskommunen er nøgde med at vi har kome så langt i prosessen at vi er klare til å søkje Fiskeridirektoratet om å få tildelt ein undervisningskonsesjon. Vi godkjenner intensjonsavtalen av 04.04.16 med vedlegg 1 som regulerer utrekninga av fast og variabel leige.
- 3 Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp slutføringa av arbeidet og signere endeleg avtale med leigetakar når vi får undervisningskonsesjonen frå Fiskeridirektoratet.

Vedlegg:

- 1 Intensjonsavtale Undervisningskonsesjon datert 04.04.16.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- 1 Notat: Kort orientering om oppstart av «prosjekt undervisningskonsesjon» til hovudutval for plan og næring, datert 05.11.2014

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Med forankring i Verdskappingsplanen sitt *program for rekruttering og kompetanseheving i sjømatnæringa*, og tilhøyrande handlingsplan frå 2015, starta ein opp prosjekt «Undervisningskonsesjon 2015» i januar 2015. Sogn og Fjordane er truleg det siste kystfylket i landet som ikkje har undervisningskonsesjon.

Målet for prosjektet var at ein innan 2015 skulle har klar ein søknad til Fiskeridirektoratet om å etablere ein undervisningskonsesjon knytt til undervisninga i Naturbruksfag (Vg1), Akvakultur (Vg2) og TAF Akvakultur (YSK) ved Måløy vidaregåande skule. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal søkje og stå som eigar av oppdrettskonsesjonen, men vi vil leige ut drifta til Marine Harvest Norway. Dette er etter modell frå Sør-Trøndelag og som også er nytta av fleire andre fylke. Oppdrettar overtek

gjennom utleigeavtala alt faktisk og operasjonelt ansvar med drift og risiko for undervisningskonesjonen. Undervisningskonesjonen varer i 10 år med moglegheit til forlenging.

Det er no utarbeidd ei intensjonsavtale som regulerer tilhøvet mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Marine Harvest Norway som hhv. eigar og leigar av konsesjonsbiomassa. Vi ber i saka om godkjenning av denne avtalen.

Det er viktig at intensjonsavtalen er på plass før vi kan sende søknaden, då denne er ein viktig føresetnad for å få tildelt konsesjonen.

Den endelege avtala vert først underteikna når vi har fått tildelt undervisningskonesjonen frå Fiskeridirektoratet og intensjonsavtalen kan realiserast. Vi legg opp til at den endelege avtalen ikkje har vesentlege endringar frå intensjonsavtalen, men må vere opne for enkelte justeringar. Vi vil i denne saka be om at fylkesrådmannen får ansvar for å følgje opp avtalen vidare.

Prosjektet skulle etter planen vare eitt år, men prosessen har teke noko lenger tid en planlagt. Vi er først no klare til å sende søknad til Fiskeridirektoratet etter at intensjonsavtalen med Marine Harvest Norway er godkjent.

Det er uvisst når vi kan forvente svar på søknaden frå Fiskeridirektoratet. Erfaringa tilseier at vi må rekne 4-12 månader. For oppdrettar er det viktig å få ei snarleg avklaring, slik at dei kan ta i bruk konsesjonsbiomassen allereie frå hausten av. Om ikkje, kan det vere at denne ikkje vert teke i bruk før til haustutsettet av fisk i 2017.

Kort om arbeidet med undervisningskonesjonen

Ei prosjektgruppe med medlemmer frå Måløy vidaregåande skule og Næringsavdelinga i sentraladministrasjonen har arbeidd i tett dialog med næringsaktørane for å få avtala på plass.

Vi starta i ein open dialog med dei fem oppdrettsselskapa som hadde meldt si interesse, og gjennom 2015 hadde vi forhandlingar med kvar av desse i opptil fleire omgangar for drøfting om mogleg utleige av oppdrettskonesjonen. Vi har måtta bruke tid på denne prosessen. Det meste av avtaledokumentet har vore gjenstand for mindre endringar og justeringar, mest tid har vi nytta på å einast om den årlege variable leiga (Kap. 6 og vedlegg i intensjonsavtala) som er nærare forklart under og kva vi legg i omgrepet Force Majeure (kap. 12 i intensjonsavtala).

Når intensjonsavtalen er godkjent, vil vi snarast råd sende søknad til Fiskeridirektoratet, og førebu ei politisk sak om oppretting av eit marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond der leigeinntektene frå undervisningskonesjonen skal plasserast. Etter at vi har fått undervisningskonesjonen, vil vi undertekne endeleg avtale med oppdrettar, som då kan ta i bruk konsesjonsbiomassen, og betale første leiga inn til fondet.

Sentrale problemstillingar

Oppdrettar vil forplikte seg til, så langt råd er, å ta imot elevar på utplassering og lærlingar. Dette er noko som også er attraktivt for andre oppdrettarar i fylket, slik at også andre oppdrettsbedrifter i fylket får tilbod om å ta lærlingar. Vi har her ein innarbeidd praksis som fungerer godt. Til no har det vore færre lærlingar enn lærlingplassar.

Avtalen skal sikre at oppdrettar, mot ei viss årleg leige, kan nytte konsesjonsbiomassen på 780 MTB (maksimalt tillaten biomasse). Fylkeskommunen vil då ikkje ha ansvar eller risiko med å stå som formell eigar av undervisningsløyvet.

Oppdrettar skal betale ei årleg leie for konsesjonsbiomassen, og det vart sett fram som eit vilkår frå oppdrettsbedriftene under forhandlingane at denne leiga skal gå inn i eit nyetablert fond. Fondet skal nyttast til rekruttering og vidareutvikling av eit attraktivt marint undervisningstilbod ved skulen, og til kompetansehevande tiltak for oppdrettsnæringa. Dette er også i tråd med praksis i mange andre fylker som har undervisningskonsesjon.

Vi har i intensjonsavtalen lagt opp til ein modell der leiga er delt i to:

Ein fast årleg sum på kr. 2 mill. og ein variabel sum som vert utrekna etterskotsvis på grunnlag av reelle og faktiske produksjonskostnadar basert på landsgjennomsnittet og salsinntekter basert på gjennomsnittleg marknadspris. Dette er basert på offentlege tal som vert henta inn til dette føremålet. Oppdrettar får dekkja dei faktiske kostnadane og overskotet delast mellom oppdrettar og fylkeskommunen etter ein avtalt, fast formel.

2. Vurderingar og konsekvensar

I arbeidet har vi hatt god hjelp av å nytte erfaringar og avtaler som Sør-Trøndelag fylkeskommune har gjort tilgjengelege for oss. Andre fylker har også nytta denne i etterkant, med sine regionale tilpassingar. Vi tok utgangspunktet i ein modell der vi tenkte ha med inntil tre leigeaktørar som i så fall kvar skulle disponere 33,3 % av biomassen (MTB) i konsesjonen. Undervegs i prosessen syntet det seg at fleire oppdrettarar fann risikoen for høg i høve sjansen for økonomisk gevinst slik som våre krav om leige var utforma. Slik står vi i dag att med *ein* leigetakar til konsesjonen. Dette er likevel inga ulempe for oss eller for søknaden, og det kan faktisk på fleire måtar gjere samarbeidet lettare å berre ha ein kontraktspart å samarbeide med vidare. Det har heller ingen negative følgjer for skulen, eller Opplæringskontoret for fiskeri og havbruksfag sin kontakt og dialog med oppdrettsnæringa i fylket. Dei bedriftene som har takka nei, har alle vore klare på at dei framleis vil stille seg disponible til utplasseringar av elevar og til å ta imot eventuelle lærlingar slik dei har gjort fram til no.

No er vi inne i ei gunstig økonomisk periode der fiskeoppdrettarane tener gode pengar, men både vi og dei har erfart at marknaden og inntekter til svingar, ofte som følgje av eksterne faktorar dei ikkje rår over (t.d. tilgang til marknad og valutaendringar). Vi har i prosessen innhenta råd om korleis ein ser prisnivået i åra framover, men svara er at det er så usikkert å sjå kva som ligg føre oss og at det er uråd å trekke ein konklusjon.

Vi vurderer intensjonsavtala som god, og ei avtale som både oppdrettar og fylkeskommunen kan vere nøgde med. Kva som kjem ut av dette i kroner og øre til fondet, vil vere nærast umogleg å seie, med unnatak av 2 mill. som utgjer den faste, årlege leiga. Det som vert viktig for oss, er at vi gjennom fondet får midlar som kan bidra til å gjere marin utdanning i fylket meir attraktivt. Døme her er å marknadsføre utdanninga betre hjå elevane på ungdomstrinnet, og til å kunne utvikle kompetansehevande kurs for marin næring i fylket.

3. Konklusjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at det er viktig at også vårt fylke får på plass ein undervisningskonsesjon, og ynskjer å knytte denne til dei marine utdanningane ved Måløy vidaregåande skule.

Vidaregåande skule.

Fylkeskommunen er godt nøgde med at ein har kome så langt i prosessen at vi nå er klare til å søkje Fiskeridirektoratet om å få tildelt ein undervisningskonsesjon. Vi godkjenner intensjonsavtalen av 04.04.16 med vedlegg 1 som regulerer utrekninga av fast og variabel leige.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å følge opp arbeidet og signere endeleg avtale med leigetakar når vi får undervisningskonsesjonen frå Fiskeridirektoratet.